

Kommentarar til oppmålingsforretning for gnr 22 bnr 227 og gnr 22 bnr 229

Styret i Eigarseksjonssameiget Mjåtveitmarka B18 har drøfta ønskjer/problemstillingar som kom fram ved oppmålingsforretning for gnr 22 bnr 227 og gnr 22 bnr 229. Viser til punkt på siste side i protokoll for oppmålingsforretning.

Kommentar til pkt 2: Tilkomst til leiligheit i 2. Etasje for Mjåtveitmarka 40H (seksjon 17) og Mjåtveitmarka 42H (seksjon 25).

Styret og bebruarane i dei aktuelle leiligheitene har vorte einige om at arealet utanfor trappehusa, som trengst for tilkomst til leiligheitene i 2. Etasje, kan gjerast om til fellesareal. Det er då ynskjeleg at eigarane av dei nemnde seksjonane får kompensasjon i form av at areal som opprinneleg var fellesareal vert gjort om til deira seksjonerte uteareal.

Bebuar i Mjåtveitmarka 42G ynskjer å få lagt til ekstra areal på sørsida av leiliheitsbygget ned mot hovudveg. Dvs at ein legg til areal vestover frå grensemerke QP4 og QP9.

Bebuar i Mjåtveitmarka 40G ynskjer ekstra areal på tilsvarande måte som bebruar i 42G på sørsida av si leiligheit. Dvs at ein legg til eit areal vestover frå grensemerke QP48 og QP66.

Kommentar til punkt 3: Uteareal for Mjåtveitmarka 38A bør som tilrådd avgrensast mot trapp.

Kommentarar til pkt 4: Kile mellom Mjåtveitmarka 42A og Floghaugane 12.

Del av kile som er opparbeidd med plen og bærbusker er ynskjeleg å innlemme i 42A sitt areal. Del av kile som er i jordskråninga er ynskjeleg å innlemme i Floghaugane 12 sitt areal (sjå også pkt 5).

Kommentarar til pkt 5: Grense mellom 22/227 og 22/229.

Det er ynskjeleg at denne grensa vert endra slik at den går ved oppført mur. Dvs at litt av av fellesarealet til 22/229 vert omgjort til seksjonert areal for Floghaugane 12 og 14.

For styret i Eigarseksjonssameiget Mjåtveitmarka B18



Tom C Tolleshaug
Styreleiar